



Espen Tvedt  
Breivika 5  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3758 - 19/1882

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
18.01.2019

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 25/2 Tvedt nedre

Tiltak: deling av grunneigedom  
Byggjestad: Gbnr: 25/2  
Tiltakshavar: Herleif Kåre Tvedt  
Ansvarleg søkjar: Espen Tvedt

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.12.2018.

Det må dokumenterast at den omsøkte vil ha naudsynte rettar knytt til vatn, og avløp i tillegg til rett til veg. Det er lagt ved erklæring om rettighet til veg over avgivareigedomen gbnr. 25/2. Vi legg ved kartverket sitt skjema «rettighet i fast eigedom» vi anbefaler at de nyttar dette skjemaet for å forenkle prosess knytt til tinglysing.

Motteken situasjonsplan er påført avstand frå nye grenseliner til omkringliggjande eigedomar og bygningar. I tillegg til dette må det på situasjonsplanen påførast lengde på grenselinene.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsplan påført lengder på dei nye grenselinene.
2. Erklæring om rettighet i fast eigedom i høve veg, vatn og avløp.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.02.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist



Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

erklæring om rettighet i fast eigedom

**Kopi til:**

Espen Tvedt	Breivika 5	5993	OSTEREIDET
Herleif Kåre Tvedt	Reikeråsvegen 140	5913	EIKANGERVÅG
Herleif Kåre Tvedt	Reikeråsvegen 140	5913	EIKANGERVÅG

**Mottakarar:**

Espen Tvedt	Breivika 5	5993	OSTEREIDET
-------------	------------	------	------------